

KOMMISJONSVEDTAK

2004/EØS/9/10

av 25. mars 2002

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsynsapparat(*)

[meldt under nummeret K(2002) 1142]

(2002/255/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 4 og artikkel 6 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtanane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må eit fjernsynsapparat høyre inn under den produktgruppa som er definert i artikkel 2 i

dette vedtaket, og stette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget.

Artikkel 2

Produktgruppa «fjernsynsapparat» skal omfatte:

«Nettdrivne elektroniske apparat som er utforma for å ta imot, avkode og vise analoge eller digitale fjernsynssignal som vert sende ut via satellitt, kabelnett eller antenner, og som har ein skjermstorleik på minst 10 tommar (25 cm).»

Artikkel 3

For administrative føremål vert produktgruppa «fjernsynsapparat» tildelt kodennummeret «022».

Artikkel 4

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. april 2002 til 31. mars 2005. Dersom det ikkje er vedteke reviderte kriterium innan 31. mars 2005, skal dette vedtaket nyttast fram til 31. mars 2006.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 25. mars 2002.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 87, 4.4.2002, s. 53 er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 144/2002 av 8. november 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til De europeiske fellesskaps tidende nr. 4 av 23.1.2003, s. 10.

(¹) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

VEDLEGG

MÅLSETJING

Føremåla med kriteria

Desse kriteria skal særleg føre til

- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på miljøet som følgje av bruk av naturressursar ved å oppmuntre til framstilling av fjernsynsapparat som kan nyttast om att, attvinnast og er lette å vedlikehalde,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av farlege stoff ved at bruken av slike stoff vert mindre.

Kriteria skal fremje best mogleg bruk (så miljøvenleg bruk som mogleg) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet. Dessutan skal attvinning fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av fjernsynsapparat som har liten innverknad på miljøet.

Krav med omsyn til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førde opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Dersom det er mogleg, bør prøvingane utførast av tilbørleg godkjende laboratorium eller av laboratorium som stettar krava i standarden EN ISO 17025 og har kompetanse til å utføre dei relevante prøvingane.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

KRITERIUM

1. Energiøkonomisering

- a) Fjernsynsapparatet (heretter kalla «produktet») skal kunne slåast av ved hjelp av ein godt synleg knapp på framsida av apparatet.
- b) Fjernsynsapparatet skal ha eit energiforbruk i passiv kviletilstand⁽¹⁾ på høgst 1,0 watt.
- c) Fjernsynsapparat som har ein integrert digital mottakar/dekodar, skal ha eit energiforbruk i aktiv kviletilstand⁽²⁾ på høgst 9,0 watt.
- d) Når fjernsynsapparatet er slått på, skal det ha ein energieffektivitetsindeks (EEI_{on}) som er under 65 % av det basisforbruket som er vanleg for eit fjernsynsapparat med den same storleiken. Når apparatet er slått på, skal energieffektivitetsindeksen EEI_{on} reknast ut etter følgjande formel:

$$EEI_{on} = P_{on} / P_{on, bc}$$

der

P_{on} er energiforbruket til fjernsynsapparatet som er målt når apparatet er slått på.

$P_{on, bc}$ er det basisforbruket som er vanleg når fjernsynsapparatet er slått på. Dette er rekna ut etter følgjande formel:

$$P_{on, bc} = 16 + 16 \times idd + \frac{0,75 \times format \times scrnsize + digit \times 33 + 0,38 \times scrnarea}{0,825}$$

der

— *digit* er lik 1 dersom fjernsynsapparatet har digital biletskanning, 0 dersom apparatet ikkje har dette,

— *format* er lik 0,80 for ein standardskjerm (4:3-format) og 0,87 for ein breiskjerm (16:9-format),

⁽¹⁾ Passiv kviletilstand: Fjernsynsapparatet er kopla til ei straumkjelde, gjev frå seg verken lyd eller bilete og kan slåast av, setjast i aktiv kviletilstand eller slåast på ved hjelp av eit direkte eller indirekte signal, t.d. frå fjernkontrollen.

⁽²⁾ Aktiv kviletilstand: Fjernsynsapparatet er kopla til ei straumkjelde, gjev frå seg verken lyd eller bilete og utvekslar data med eller tek imot data frå ei ekstern kjelde.

- *scrnsize* er skjermstorleiken, målt diagonalt i cm,
- *scrnarea* er skjermstorleiken målt i dm², dvs. *scrnsize* × *scrnsize* × 0,48/100 for ein standardskjerm (4:3-format) og *scrnsize* × *scrnsize* × 0,427/100 for ein breiskjerm (16:9-format),
- *idd* er lik 1 dersom fjernsynsapparatet har ein integrert digital dekodar for digitale kringkastingssignal, og er elles lik 0.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som stadfestar at energiforbruket i alle desse tilstandane er vorte målt etter den framgangsmåten som det er gjort greie for i standarden EN 50301 (metodar for måling av energiforbruket til fjernsynsmottakarar). Rapporten skal opplyse om energiforbruket som er målt i kvar tilstand, det vanlege basisforbruket når apparatet er slått på og den utrekna prosentdelen av vanleg basisforbruk når apparatet er slått på.

2. Lenging av levetida

Produsenten skal garantere at fjernsynsapparatet verkar i minst to år. Garantien skal gjelde frå datoen for levering til kunden.

Det skal garanterast at kompatible elektroniske reservedelar vil vere tilgjengelege i sju år rekna frå det tidspunktet då produksjonen tek slutt.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

3. Tilbakelevering og attvinning

Produsenten skal utan vederlag tilby å ta tilbake, med sikte på attvinning, produktet og eventuelle komponentar som vert bytte ut, bortsett frå i tilfelle der dei er vortne kontaminerte av brukarane.

Produktet skal dessutan stette følgjande kriterium:

- a) Produsenten skal kontrollere demonteringa av produktet og leggje fram ein rapport om demonteringa som på oppmoding skal gjerast tilgjengeleg for tredjemann. Rapporten skal m.a. stadfeste at samanføyningane er
 - lette å finne og tilgjengelege,
 - mest mogleg standardiserte,
 - tilgjengelege med vanleg verktøy.
- b) Materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.
- c) Av plast- og metallmateriala i kabinettet og understellet skal 90 volumprosent kunne attvinnast teknisk.
- d) Av glaset i katodestrålerøyr skal 90 vektprosent kunne attvinnast teknisk.
- e) Dersom det må nyttast etikettar, skal dei anten vere lette å fjerne eller vere ein integrert del av fjernsynsapparatet.
- f) Plastdelar skal
 - ikkje medvite vere tilsette bly eller kadmium,
 - vere framstilte av ein polymer eller av fleire polymerar som høver saman, bortsett frå i kabinettet, som skal innehalde høgst to typar polymerar som kan skiljast frå kvarandre,
 - ikkje innehalde metallinnlegg som ikkje kan skiljast frå kvarandre.
- g) Plastdelar som veg meir enn 25 g,
 - skal ikkje innehalde følgjande flammehemmande middel:

Namn	CAS-nr.
Dekabrombifenyl	13654-09-6
Monobromdifenyleter	101-55-3
Dibromdifenyleter	2050-47-7
Tribromdifenyleter	49690-94-0
Tetrabromdifenyleter	40088-47-9
Pentabromdifenyleter	32534-81-9
Heksabromdifenyleter	36483-60-0
Heptabromdifenyleter	68928-80-3
Oktabromdifenyleter	32536-52-0
Nonabromdifenyleter	63936-56-1
Dekabromdifenyleter	1163-19-5
Klorparafin med kjedelengde på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent	85535-84-8

- skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller preparat med stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av risikoseiningane R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for fosterskadar) slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege stoffer⁽¹⁾ og seinare endringar av direktivet,
- skal ha varig merking i samsvar med standarden ISO 11469 som syner kva materiale dei er framstilte av. Dette kriteriet gjeld ikkje for ekstruderte plastmateriale og lysleiaren til flatskjermar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren skal leggje fram eit eksemplar av demonteringsrapporten for det rette organet som vurderer søknaden.

4. Bruksrettleiing

Produktet skal seljast med ei føremålstenleg bruksrettleiing som inneheld råd om miljøvenleg bruk, særleg:

- a) råd om at fjernsynsapparatet bør slåast av med «av»-knappen dersom apparatet ikkje skal nyttast på ei stund, for såleis å redusere energiforbruket,
- b) opplysningar om at produktet nyttar energi når det er i kviletilstand, og om korleis dette energiforbruket kan reduserast,
- c) opplysningar om at den energien som vert nytta under bruk, kan reduserast monaleg dersom lysstyrken til biletet vert redusert, og at dette vil redusere dei samla driftskostnadene,
- d) opplysningar om garantien og korleis reservedelar kan skaffast,
- e) opplysningar om at produktet er utforma på ein slik måte at delar kan attvinnast og difor ikkje må kastast,
- f) råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av tilbakeleveringsgarantien frå produsenten,
- g) opplysningar om at produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket, saman med ei kort forklaring på kva dette inneber, og at fleire opplysningar om miljømerket er tilgjengelege på nettstaden <http://europa.eu.int/comm/environment/ecolabel>.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram eit eksemplar av bruksrettleiinga for det rette organet som vurderer søknaden.

5. Miljøfråsegn

Ei miljøfråsegn skal følgje med produktet og vere tilgjengeleg for brukaren. Dette dokumentet skal vere i samsvar med tilrådingane i teknisk rapport nr. 70 «Product-related environmental attributes» frå Den europeiske samanslutninga av datamaskinprodusentar (ECMA).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram eit eksemplar av miljøfråsegna for det rette organet som vurderer søknaden.

6. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- Høg energieffektivitet
- Utforma for å lette attvinning

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram ein kopi av miljømerket slik det ser ut på emballasjen og/eller produktet og/eller den medfølgjande dokumentasjonen.

⁽¹⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.